



Årsrapport om studiekvalitet (2010)



Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
The Oslo School of Architecture and Design

Innhold


1.	Innleiring.....	2
2.	Organisasjonsstruktur for AHO	2
3.	Fagleg og administrativ organisering.....	3
4.	Undervisning	4
	Grunnundervisinga.....	4
	Masterundervisinga	4
5.	Studieplan	4
6.	Klage på karakterfastsetting	6
7.	Evalueringer	6
	Semesterevalueringar	6
	Læringsmiljøundersøking	8
	Kandidatundersøking	8
	NOKUT-evaluering	8
8.	Etter- og vidareutdanning.....	9
	Master i arkitekturvern	9
	Master i urbanisme	10
	Master i development studies	10
9.	Vitskapleg tilsette	10
10.	Sensorar.....	11
11.	Oppnak.....	11
	Oppnak til første år	11
	Oppnak til masternivå.....	12
12.	Studentar.....	13
	Studentar og produksjon	13
	Utveksling	13
	Kandidatproduksjon	14
13.	Administrative støttefunksjonar.....	15
	Bibliotek.....	15
	IKT-avdeling	15
	Studieadministrasjon	16
	Forskarskolen	17
	Verkstadar	17
14.	Studentmeritterringar	18

1. Innleiing

Rapporten gjeld for perioden 1.1 – 31.12.2010 som del av elementa i AHOs kvalitetssikringssystem.

Talla er basert på data frå FS – Felles studentsystem, DBH – Database for statistikk om høgre utdanning, statistikk frå Samordna opptak og Bibsys.

2. Organisasjonsstruktur for AHO



3. Fagleg og administrativ organisering


AHO er ein matriseorganisasjon med samordna leiing og ekstern styreleiar. Ågot Valle er styreleiar for perioden 2009-13, medan Karl Otto Ellefsen er tilsett rektor for same periode.

AHOS administrasjon er delt i to avdelingar; ein forvaltnings- og ein fagadministrasjon under leiing av kvar sin direktør. Fagdirektøren slutta 2010 og rektor har fungert som leiar for fagadministrasjonen hausten 2010.

Som supplement til linjeorganisasjonen har AHO fire strategiske utval relatert til undervisning og forsking:

Undervisningsutvalet, Opptaks- og godkjenningsutvalet, Forskningsutvalet og Læringsmiljøutvalet, alle med studentrepresentasjon.

Plan- og rapporteringsarbeid er i samsvar med styringshjulet.



10	Estatstyretemete
9	Rapporter og planer
8	Risikoanalyse /vurderinger
7	Årsregnskap og revisjon
6	Seriesleirevaluering
5	Årsrapport i studiekvalitet
4	Budsjet
3	Virksomhetsplan
2	Overordnet virksomhetsplan
1	Strategisk plan

4. Undervisning

Undervisningsutvalet har det overordna ansvaret for undervisningskvaliteten. Utvalet handsamar opptaksrammar og kvalitetssikring av opptaksprøver studieplanar, evalueringar og utviklingssakar.

Grunnundervisinga

I grunnundervisinga har det vore nokre utfordringar i forhold til organisering og gjennomføring av første og andre semester industridesign, samt 6. semester arkitektur. Institutt for design har tatt tak i og utarbeidd tiltak for endringar i første år i samråd med lærarane. Koordinator og instituttleiar følgjer tiltaka vidare.

6. semester arkitektur har ikkje satt seg i sin endelege form og vert vidare utvikla våren 2011.

For studentar med godkjende 7,5 sp i ex.phil frå tidlegare er det etablert ei ordning med tilleggsoppgåve for å få full utteljing til 10 sp. Dette vart gjennomført av omsyn til Lånekassas krav til fulltidsstudiar.

Masterundervisinga

AHO har tidlegare hatt ei ordning med felles presentasjon for studentane av neste semesters kurstilbod. Denne presentasjonen såg ut til å være utdatert og kursane vart difor presenterte på web med ein open dag for ytterlegare informasjon direkte frå kursansvarleg. Denne ordninga vart ikkje fullgod og en diskuterar dette vidare i samband med studieplan 2011/12.

Det er ikkje gjort større omleggingar av kursa på masternivå. Eit par fordjupingskurs vart kutta av Undervisningsutvalet, då dei ikkje var teori- eller kunnskapsorienterte. Desse emna vil bli lagt inn i grunnundervisinga.

5. Studieplan

Gjennomførte studiokurs (24 sp)

	Vår 2010	Haust 2010
Institutt for arkitektur	<ul style="list-style-type: none">• Arkitekturproduksjonsmidlar• Retreat i bysentrum• Ytingsbasert design• Arkitektur som infrastruktur. Studio B3• Digital eksperimentell arkitektur	<ul style="list-style-type: none">• Tektoniske øvingar• Arkitekturproduksjonsmidlar• Sted og konstruksjon. Studio B3• Interaksjonar mellom materielle system og miljø• Fleksible bygg; prosjektering av kulturygg i Lillesand
Institutt for urbanisme og landskap	<ul style="list-style-type: none">• Komplekse bygg. Hovudkvarter• Valfart og turisme. Et byggeprosjekt i India• Komande og forsvinnande landskap. Designstrategiar for det urbane Jæren	<ul style="list-style-type: none">• Urban design – Den skandinaviske by• Komande urbane territoriar
Institutt for form, teori og historie		<ul style="list-style-type: none">• Roma+Museum. Nytt arkitekturmuseum i Roma• Re-store: Endring som kritisk strategi
Institutt for design	<ul style="list-style-type: none">• Shaping futures – Scenariobasert diskursiv design• Systemorientert design: kompleksitet og bærekraft i designprosessen	<ul style="list-style-type: none">• Interaksjon mellom materielle system og miljø• Design for skjerminteraksjon• Tangible interactions• Teknoform• Design i høgteknologiske forskingsmiljø

I vårsemesteret vart to av studiokurs utarbeidd for studentar frå begge studieprogramma, medan eitt var utarbeidd for dette i haustsemesteret.

Kurset Roma+Museum var eit samarbeid mellom UiO (inst. for filosofi, ide- og kunsthistorie og klassiske språk) og Det norske institutt i Roma. Kurset har vore så vellykka at det vert sett opp igjen hausten 2011, men med fleire studieplassar til rådighet for AHO.

Fordeling av fordjupingskurs på institutta

	2008		2009		2010	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
Institutt for arkitektur	6	4	4	4	6	5
Institutt for form, teori og historie	2	3	2	2	2	3
Institutt for urbanisme og landskap	2	3	3	2	3	4
Institutt for design	3	2	2	2	2	2
AHO spesialkurs	1	1	1	1	1	1

Gjennomførte fordjupingskurs

	Vår 2010	Haust 2010
Institutt for arkitektur	<ul style="list-style-type: none"> • Arkitektur og retorikk • Arkitekten og profesjonsdanninga • Klimaskallets dynamikk, designmetodikk og arkitektur • Konstruksjonar, materialar og produksjonsmetodar • Profesjonskunnskap 	<ul style="list-style-type: none"> • Fotografi i praksis • Arkitektur og film • Ytingsanalyse av tradisjonelle bygningar • Konstruksjonar, form og proporsjonar • Profesjonskunnskap
Institutt for form, teori og historie	<ul style="list-style-type: none"> • Skissekurs • Tektoniske tradisjonar 	<ul style="list-style-type: none"> • Overskridingas kunst: Design og arkitektur som heilskapleg tenking • Norsk arkitektur – ei introduksjon
Institutt for urbanisme og landskap	<ul style="list-style-type: none"> • Introduksjon til landskapsøkologi • Nyare sosiale teoriar • Nyare urbane teoriar 	<ul style="list-style-type: none"> • Introduksjon til landskapsurbanisme • Den nye offentlegheita • Urbane utfordringar i Sør • Nyare urbane teoriar – økologisk urbanisme
Institutt for design	<ul style="list-style-type: none"> • Interaktive rom og miljø • Visuell kommunikasjon • Ytingsbasert design 	<ul style="list-style-type: none"> • Design for andre • Design management
AHO spesialkurs	<ul style="list-style-type: none"> • Diplomprogrammering 	<ul style="list-style-type: none"> • Diplomprogrammering

Institutta har i stor grad etablert ei fast rekke med kunnskapsretta fordjupingskurs (6 sp) fordelt over studieåret i tillegg til at ein har bevart nokre av øvingskursa.

6. Klage på karakterfastsetting

I 2010 kom det inn i alt 16 klager på karakterfastsetting:

Kurs haust 2009 - ankebehandla vår 2010:

2 klager på eksamen i GK 5 urbanismes teori og metode. Klagane vart ikkje tatt til følgje.

1 klage på studiokurs "Advanced product design" (Design i et høyteknologisk forskingsmiljø). Karakteren vart oppretthaldt.

4 klager på bedømminga "Ikkje bestått" på diplomprosjekt i arkitektur, alle 4 endra til "Bestått".

1 klage på bedømminga "Ikkje bestått" på diplomprosjekt i industridesign vart ikkje tatt til følgje.

Kurs vår 2010 - ankebehandla haust 2010:

1 klage på karakter i GK6A arkitekturprosjekt. Klagen vart ikkje tatt til følgje.

4 klager på studiokurs: Ein på kurset "Systemorientert design", ein på "Shaping futures" og to på "Komplekse bygg. Headquarters". Ingen av desse vart tatt til følgje.

Det vart klage på karakterfastsettinga "Ikkje bestått" i 3 diplomprosjekt i arkitektur. Ein av desse vart tatt til følgje med endra sensur til "Bestått".

Bortsett frå ved institutt for form, teori og historie, vart det oppnemnd nye sensorar for ankeutvala perioden 2010-13.

7. Evalueringar

Semesterevalueringar

Det er gjennomført semestervis evaluering av alle kursa tilknytta studieprogramma Master i arkitektur, Master i industridesign og Master i landskapsarkitektur i 2010. Oppsummerande rapportar for kvart semester vart lagt fram for Undervisingsutvalet for behandling og oppfølging, og lagt ut på www.aho.no.

Evaluering av læringsmiljøet gjøres i slutten av kvart studieår. Resultata frå læringsmiljøundersøkinga 2010 vart samanfatta i ein rapport og behandla i Læringsmiljøutvalet. Denne er også tilgjengeleg på www.aho.no.


Alle studentar, kursansvarlege lærarar og eksterne sensorar vart invitert til å delta i evalueringane. Oppslutninga frå studentane om evalueringane ligg framleis på om lag 50-60 %, medan vi kan konstatere aukande læraroppslutning – 78 % i vårsemesteret og 92 % i haustsemesteret. Evaluering frå eksterne sensorar er i 2010 teke inn igjen i evalueringssrapportane etter å ha vore utelate i 2009.

Hausten 2010 vart det sete ned ei arbeidsgruppe bestående av ein representant frå kvart av institutta for design, arkitektur og urbanisme og landskap, to studentrepresentantar og ein representant frå studieadministrasjonen for å komme fram til eit betre oppsett for evalueringsskjemaene som sendas studentar, lærarar og sensorar. Arbeidsgruppa foreslo for Undervisingsutvalet at studentane også bør evaluere sin eigen studieinnsats som del av semesterevalueringane, at kvar student bør få tilsendt eit evalueringsskjema per semester som omfattar alle kursa ho/han har delteke på pluss læringsmiljøet i vårsemesteret, og at resultata frå semesterevalueringane bør gjerast lettare tilgjengeleg for studentane. Desse endringane vart innførte med verknad frå haustsemesteret 2010.

Det vert arbeidd vidare med tiltak for å auke studentdeltakinga i semesterevalueringane i 2011.


Semesterevalueringane vart behandla i Undervisingsutvalet mars 2011. Utvalet ser ikkje at det er naudsynt med særskilte tiltak overfor institutta og har denne gongen teke rapporten til etterretting. Tiltak i høve til læringsmiljøet vert handsama av dei ulike administrative einingane, sjå pkt. 13, s. 13.

Gjennomsnittscore semesterevalueringar vårsemesteret 2010



AHO Instituttför arkitektur Instituttför design Instituttför urbanisme och landskap Instituttför form, teori och historia

Gjennomsnittscore semesterevalueringar høstsemesteret 2010



AHO Instituttför arkitektur Instituttför design Instituttför urbanisme och landskap Instituttför form, teori och historia

Læringsmiljøundersøking

Resultata frå læringsmiljøundersøkinga styrker skolen sitt generelle inntrykk av eit svært godt læringsmiljø. Ein vil spesielt framheve at kvar student har ein fast personleg arbeidsplass på teiknesal, at skolen er døgnopen og forholdstalet 9,2 studentar per undervisningsstilling. Verkstad og IKT er godt utbygd og utstyrt, og driftas på ein tilfredsstillande måte. Studentane er generelt sett nøgde med service og rettleiing frå biblioteket og studieadministrasjonen.

AHO er medlem i SiO (Studentsamskipnaden i Oslo), noko som inneber at AHO sine studentar er representerte i SiO sine styrande organ og at de har full tilgang på alle velferdstilbod i SiO.

Det er ikkje registrert alvorlige skader eller ulykker i 2010. Utfordringane på læringsmiljøområdet er primært å betre inneklima og lystilhøve på teiknesalar og undervisingsrom. Det er gjort store investeringar for å betre desse tilhøva i 2010.

Kandidatundersøking

Hausten 2010 vart det gjennomført i kandidatundersøking retta mot kandidatar som vart uteksaminerte frå AHO i perioden 2007-2010. Undersøkinga inviterte mellom anna respondentane til å gi ei vurdering av eigen kompetanse og tilpassingsdyktigheit i arbeidslivet etter avslutta utdanning. Resultata vart samanfatta i ein rapport og lagt fram for Undervisningsutvalet og styret. Rapporten kan leses på www.aho.no.

NOKUT-evaluering

NOKUT gjennomførte evaluering av AHOs kvalitetssikringssystem hausten 2010. Evaluering av kvalitetssikringssistema skal gjennomførast min kvart 6. år, og AHO hadde si fyrste evaluering hausten 2004.

På bakgrunn av innleiande møtar vart det sett opp fire fokuspunkt for evalueringa:

- Studentmedverknad og studentevalueringar
- Kvalitetssikring av diplomordninga
- Kvalitetssikring av internasjonaliseringa
- Kvalitetssikring av koplinga mellom forsking og utdanning

Oppsummering og tiltak i høve til NOKUTs

1. Studentmedverknad og studentevalueringar
 - Komiteen var nøgd med det systematiske arbeidet AHO gjer med kurs- og semesterevalueringar og at det medførar brei deltaking i høgskulen. Like eins var såg komiteen at studentanes medverknad vart godt ivareteke,

Komiteen tilrår at ordninga med samtale mellom den einskilde student og lærarane etter fullført første studieår vert formalisert.

Vidare vart AHO anbefalt å intensivere arbeidet med å auke svarprosenten slik at fleire kurs vert teke med i undervisingsutvalet.

AHO vart tilrådd sterkare medverknad av dei internasjonale studentane i kvalitetsarbeidet.

2. Kvalitetssikring av dimplomordninga

Komiteen var sams med AHOs leiing i at strykprosenten på diplomoppgåvene var høg, til tross for at det er sett i verk fleire tiltak for å følje opp studentane.

Komiteen anbefalar AHO mellom anna å sjå på:

- om omfanget av diplomoppgåvene er så omfattande at den bør utgjere meir enn 30 sp
- å formalisera dei tiltaka som alt er sett i verk
- utarbeide prosedyrar for å forberede og rusta studentane for å starta diplomarbeidet

- ved sluttevaluering å finna fram til dei gode elementa i ordninga og gå vidare med desse
 - gjennomføra ei ekstern vurdering av diplomordninga med internasjonal deltaking
3. Kvalitetssikring av internasjonalisering
Komiteen ser positivt på at fleire element vedrørande internasjonalisering er integrert i kvalitetssikringssystemet. Dei ser også at ein vesentleg del av internasjonaliseringsarbeidet er drevet fram på individbasis.
AHO er i ferd med å nå måla sine om studentmobilitet på 25 % av masterstudentane og 50 % av ph.d-kandidatane.
- Komiteen peikar på nokre forbettingspunkt i arbeidet med internasjonalisering. Dei anbefalar at AHO stimulerar til gode, formelle nettverkskontaktar og at det vert set i verk tiltak for å sikre at innhaldet i studentmobiliteten byggjer opp under excellence og eigen strategi. Komiteen oppmodar AHO til å prioritera og velje ei utvikling som ressurssettes. Dette bør implementeras i styret sin utviklingsplan. Arbeidet med internasjonale studentars representasjon i Studentutvalet bør videreførast.
4. Kvalitetssikring av koplinga mellom forskning og utdanning
Komiteen konkluderar med at et AHO gjer et betydelig arbeid for å utvikla koplinga mellom forskning og utdanning og for å kvalitetssikre denne, men at det er behov for å utvikla den vidare for å nå målet om excellence.
- Komiteen tilrår at den koplinga som vert gjort bør registrerast og vurderast. AHO må framover ha sterkare fokus på å gje studentane vitskapleg informasjon.

NOKUTs rapport etter evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved AHO er lagt ut på NOKUTs nettsider: <http://nokut.no/no/Nyheter/Nyheter-2011/Kvalitetssikring-ved--Arkitektur--og-designhogskolen-i-Oslo/>

8. Etter- og vidareutdanning

AHO har to program for vidareutdanning på masternivå; Master i arkitekturvern og Master i urbanisme. Begge er søknadsbaserte og berre kandidatar som oppfyller dei formelle krava til utdanning og die som eventuelt har bachelorgrad med relevant erfaring vil få tilbod om studieplass. Kandidatar som ikkje oppfyller opptakskrava har moglegheit til å ta inntil fire enkeltmodular av masterprogrammet.

I løpet av det siste året har AHO utarbeidet et meir omfattande internt regelverk for erfaringsbasert masterprogram. Det nye regelverket gjer det enklare for AHO å følgje opp deltidsstudentane i tillegg til at det samla studiet er blitt meir strukturert.
AHO gjennomførte ei evaluering av dei erfaringsbasert masterprogramma våren 2010.
Evalueringa ga nyttige innspel til forbetrinigar av desse studietilboda.
Evalueringrapporten er lagt på AHOs heimeside:
http://www.aho.no/Global/Dokumenter/Studier/Diverse/EVALUERING_EVU_2010_AHO.pdf

Master i arkitekturvern

Registrerte studentar 2010

Master i Arkitekturvern	2008-kull		2005-kull	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Vår	4	3	0	1
Haust	4	2	2	1

I 2010 var det totalt 6 studentar (4 kvinner og 2 menn) som leverte og besto masteroppgåva. Til samanlikning var det i 2009 ingen som leverte masteroppgåve.

Resterande studentar frå 2005- og 2008-kullet gjennomføret alle modulane før 2010 og starta arbeidet med masteroppgåva.

Master i urbanisme

Registrerte studentar 2010

Master i Urbanisme	2008-kull		2005-kull		2004-kull		2002-kull	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Vår	5	3	2	2	2	0	1	0
Haust	5	3	2	1	1	0	0	0

I 2010 var det totalt 4 studentar (alle kvinner) som leverte masteroppgåve, 3 av desse besto oppgåva og vart tildelt graden.

Studentane på 2004-kullet har no anten fullført graden eller avbrotet studiet.

6 studentar frå 2005-kullet har søkt om utsettning på masteroppgåva til 2011 på grunn av stort arbeidspress hos arbeidsgivrar.

I tillegg har ein student frå 2002-kullet har søkt om og fått gjenopptak for avslutting våren 2011.

Studentar på 2008-kullet er i gong med masteroppgåva for innlevering innan hausten 2012.

Master i development studies

I 2010 fikk AHO tilskot til ein *additional student cohort* for det NOMA-finanserte EVU-programmet Master in Development Studies, som vert arrangert i samarbeid med NTNU og fem Aust-Afrikanske universitet. Dette innebar opptak av eit nytt kull på programmet med studiestart i haustsemesteret 2010. AHO opna for opptak av to nye studentar, resten av opptaket vart organisert lokalt på dei andre deltakande universiteta. Ein av dei seks søkerane til AHO vart teke opp. AHO har i tillegg to studentar som vart teke opp til programmet i 2008. Desse forventes å leve masteroppgåvane sine i 2011.

Programmet er satt saman av 8 modular som haldes i Aust-Afrika, og ein avsluttande masteroppgåve som skrives i tilknytting til studentens heimeuniversitet.

Desse modulane vart gjennomførte i haustsemesteret 2010:

- Modul 1: Development Theory (5 sp)
- Modul 2: Urban Development in East Africa (10 sp)
- Modul 3: Current Planning Challenges in the South (7,5 sp)
- Modul 4: Sustainable Development Planning and Design (7,5 sp)

Det er i alt avgjort 30 studiepoeng på Master in Development Studies i 2010.

9. Vitskapleg tilsette

Vitskapleg tilsette

	2008		2009		2010	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Instituttleiar	1,8	-	1,8	-	1,8	-
Professor	20,1	3,9	21,4	4,1	22,5	7,7
Professor II	2,7	0,7	2,7	0,7	2,5	0,7
Førsteamanuensis	3,0	1,0	11,2	4,0	3,0	2,0
Amanuensis	1,8	-	1,8	-	1,8	-
Universitetslektor	6,2	2,5	4,8	2,3	5,0	2,0
Forskar	1,0	-	1,0	-	1,0	-
Postdoktor	2,0	2,0	2,0	2,0	1,0	1,0
Stipendiat	23,0	14,0	19,6	11,6	20,0	9,0
SUM	61,6	24,1	66,3	24,7	58,6	22,4

10. Sensorar

Semester	Interne sensorer		Eksterne sensorer	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
2007 vår	10	2	9	1
2007 høst	15	2	14	2
2008 vår	11	1	11	1
2008 høst	12	3	13	3
2009 vår	7	1	7	4
2009 høst	17	5	14	2
2010 vår	10	1	11	4
2010 haust	13	2	13	2

I vårsemesteret hadde AHO 5 internasjonale sensorar, medan det var 6 i haustsemesteret. Grunnundervisninga hadde 8 eksterne sensorar i 2010.

I vårsemesteret 2010 var 30 kandidatar oppmeldt til diplom Master i arkitektur. Det tilsa eit sensorteam på 4, men det AHO lykkast ikkje i å skaffe den fjerde sensoren (helst kvinne) før sensureringa starta. Sensorteamet besto difor av 3 menn (2 norske og 1 dansk).

I haustsemesteret 2010 var det 32 kandidatar oppmeldt til diplom Master i arkitektur. Sensorteamet besto denne gangen av 4 personar (3 norske og 1 dansk), 2 kvinner og 2 menn.

11. Opptak

Det visas til eigen rapport for opptak med utfyllande opplysningar:

<http://www.aho.no/no/AHO/Kvalitetssystemet/Studiekvalitet/Opptaksrapporter/>

Styrets opptaksramme for 2010 var:

1. år arkitektur	60 studentar
1. år industridesign	30 studentar
Masternivå	55 studentar og 2 studentar under kvoteprogrammet

Opptak til første år

Gjennom spørreundersøkinga i 2009 kom det fram at mange søkerar ikkje har fått med seg at eit av kriteria for opptil til AHO er opptaksprøver med innlevering av heimeoppgåve som første steg. Det var difor sendt ut e-post til alle søkerar i 2010 med kort påminning om heimeoppgåva, lenke til informasjon og dato for innlevering. Dette medførte ei auke i innsendte heimeoppgårer frå 2009 på 17,6 %.

Digital innlevering av heimeoppgåvene blei gjennomført også i år, og vil no bli innleveringsmetode. Det vart gjort nokre forbetringar reint teknisk og på informasjon slik at innleveringa fungerte betre i 2010.

Samla sett gjorde dette, etter vår vurdering, den digitale innleveringa meir tilgjengeleg. Det viste seg også at det var betydelig mindre teknisk oppfølging av søkerane i 2010. Samstundes vart arbeidet for sensorane mindre ressurskrevjande.

I 2010 vart prøvetekstane kvalitetssikra i Undervisningsutvalet i god tid før offentliggjering - noko som fungerte bra og sikra ein god progresjon i utarbeiding av teksten. Ramma for deltaking på skoleoppgåvene vart auka frå 200 til 300, noko som ga drift og studieadministrasjon store utfordringar. Ein er likevel av den oppfatning at gjennomføringa og gevinsten for søkerane var slik at AHO velgjer å holde ramma også for neste opptak.

Tabell 8. Søkarar til første år

	2008		2009		2010	
	Totalt	Førsteval	Totalt	Førsteval	Totalt	Førsteval
MA ARK	1645	822	1561	751	1582	760
MA IDE	643	139	647	130	663	159
SUM	2288	961	2208	881	2245	919

Tabell 9. Opptak gjennom Samordna opptak

	Sum opptak	Kvinner	Opptak 2. år	Reservert plass 2010	Opptak 1. år
MA ARK 09	69	30	2	2	65
MA IDE 09	25	15	0	0	25
MA ARK 10	64	33	3	1	60
MA IDE 10	28	8	0	0	28

AHO har gjennom ei rekke år, med litt variasjon, hatt ei fordeling på om lag 50/50 mellom menn og kvinner ved opptak. I 2010 var det ei merkbar nedgang i kvinnedelen for industridesignstudiet både for søknadar og opptak.

Opptak til masternivå

Ramma for lokalt opptak i 2010 var på til saman 57 studentar: 25 til Master i landskapsarkitektur, 15 til Master i industridesign, 15 til Master i arkitektur og 2 til Kvoteordninga (Master i arkitektur).

Opptak underkvoteordninga er avtalebasert og vert behandla i studieadministrasjonen.

Opptaks- og godkjenningsutvalet gjennomførte i april to heildagsmøter samt eit noko kortare møte der endelige opptak vart fatta.

Søkarane vart vurdert etter formelle kriterium (bestått bachelorgrad innan arkitektur, industridesign eller landskapsarkitektur frå godkjent studiestad, og dokumenterte engelskkunnskapar) og portfolio.

Søknadar til masternivå, 2007-10

	2007	2008	2009	2010
MA ARK*	67	66	121	182
MA IDE	30	33	45	68
MA LAND	16	20	29	55
Sum	113	119	195	305

*inkl. 2 kvotestudentar

Vi ser ei markant auking i talet på søkerar, totalt 156 % frå 2008 til 2010.

Opptak til masternivå, 2007-10

	2007	2008	2009	2010
MA ARK*	3	14	17	20*
MA IDE	9	15	19	17
MA LAND	5	9	15	13

*inkl. 2 kvotestudentar

AHO mottok søkerar om opptak til masternivå frå til saman 49 land. Talet på norske studentar som søker seg heim til Noreg etter bachelorutdanning i utlandet er relativt stabil. Auka i søkeralet er klart sterkare blant internasjonale søkerarar, særleg frå Asia (Kina og Iran). Opptaksrapporten for 2010 reiser mellom anna spørsmål AHOs rekrutteringsstrategi for å trekke til seg fleire høgt kvalifiserte internasjonale søkerarar, også frå vestlege land (sjå Opptaksrapport 2010).

I 2010 vart det innført skjerpa krav til dokumenterte engelskkunnskapar. For å handtere den sterkt aukande søkermengda vart rutinar for det fagleg-administrative samarbeidet

internt i OGU og mellom OGU og studieadministrasjonen vidareutvikla og forbetra. Det er også gjort grep for å fange opp problemstillingar knytt til fagleg integrering av studentar med internasjonal bakgrunn i undervisninga gjennom semesterevalueringane. Ytterlegare skjerping av opptaksrutinar, med mellom anna meir aktiv kryssjekk av nivå på portfolio og karakterar frå tidlegare utdanning, vil bli fylgt opp i 2011.

Nye internasjonale studentar frå utanfor Norden fekk tilbod om eit gratis 10-ukers introduksjonskurs i norsk. Kurset vart halde på kveldstid i AHOs lokalar i samarbeid med Kunsthøgskolen i Oslo (KhiO).

12. Studentar

Studentar og produksjon

Tabell 12. Semesterregistrerte studenter

	2009				2010			
	Vår Kvinner	Totalt	Haust Kvinner	Totalt	Vår Kvinner	Totalt	Høst Kvinner	Totalt
MA ARK	160	329	186	387	161	348	176	394
MA IDE	59	132	70	152	63	136	62	150
MA LAND	8	12	17	18	16	19	20	26
SUM	227	473	273	557	240	503	258	570

Tabel 13.l Studiepoengproduksjon pr. student

	2009		2010	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
MA ARK	52,9	54,1	52,5	53,5
MA IDE	48,6	49,3	55,3	53,4
MA LAND	47,0	49,2	37,0	39,2
SUM	48,1	49,5	50,1	50,3

Tabell 14. Strykprosent

	2008		2010	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
MA ARK	3,5	3,9	3,0	3,4
MA IDE	2,0	3,2	0,4	1,4
MA LAND	4,7	5,8	7,8	6,3
	3,8	4,2	2,6	2,9

Studiepoeng pr student er markant lågare og strykprosenten høgre på Master i landskapsarkitektur enn på dei to andre studieprogramma.

Tabell 15. Fordeling av graderte karakterer i grunnundervisingen 2010

	A		B		C		D		E		F	
	Ant	%	Ant	%	Ant	%	Ant	%	Ant	%	Ant	%
ARK	81	13,3	173	28,5	232	38,2	83	13,7	21	3,5	18	3,0
IDE	36	14,5	85	34,3	76	30,6	42	16,9	9	3,6	-	-
SUM	117	13,7	258	30,1	308	36,0	125	14,6	30	3,5	18	2,1

Talet på permisjonar har gått noko ned frå 2009, til 101.

Utveksling

Det vart gjennomført rutinemessig evaluering av avtaleporteføljen i haustsemesteret 2010. Ein ny Erasmus-avtale vart gjort tilgjengeleg for AHOs studentar frå haustsemesteret 2010 (ETSAV, Barcelona). Det har dessutan blitt signert fleire nye Erasmus-avtalar med nordiske partharinstitusjonar som inngår i Nordplus-nettverka Cirrus og Nordisk Arkitekturekademiet grunna manglande stipendmidlar for studentutveksling under Nordplus. Det skal satsas

særleg på utviding av utvekslingstilbodet for industridesignstudentar, og styrking av institusjonssamarbeid som omfattar både undervisning og forsking i 2011.

To representantar frå studieadministrasjonen deltok i haustsemesteret på ansattutveksling under Erasmus (Erasmus Staff Exchange). Utvekslinga vart gjennomført som ein besøksturné til følgjande partnerinstitusjonar: Kunstakademiet Arkitektskole (København), Arkitektskolen Århus, Lunds universitet, Chalmers tekniska högskola og Högskolan för design och konsthantverk (Göteborgs universitet). Utvekslinga hadde stor nytteeffekt med tanke på evaluering og utvikling av rutinar for diplomsemester og internasjonalisering, og bidrog til utviding av de institusjonelle kontaktflatene mot Nordiske samarbeidspartnerar.

Utreisande utvekslingsstudentar

	2008		2009		2010	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
Erasmus	8	14	5	16	5	10
Nordplus	2	3	2	7	4	6
Bilaterale avtaler	-	-	2	6	3	5
Individbaserte avtaler	7	9	2	7	5	7
SUM	17	26	11	36	17	28

Innreisande utvekslingsstudentar

	2008		2009		2010	
	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt
Erasmus	17	25	14	29	12	25
Nordplus	7	9	11	13	4	10
Bilaterale avtaler	-	-	3	6	4	4
Individbaserte avtaler	6	8	6	9	3	7
SUM	34	44	34	57	23	46

AHO opplevde svært høg søking til utveksling i studieåret 2010-2011. Desse tala vil bli rapportert først i 2012.

AHO tilrettelegg for at utvekslingsstudentar kan arrangere norskkurs i AHO sine lokalar. Vi formidlar kontakt til aktuelle norsklærarar.

I 2010 har Studentutvalet ved AHO (SAHO) vorte involvert i integreringa av utvekslings- og andre internasjonale studentar gjennom at dei deltek på informasjonsmøte i forkant av semesterstart, og arrangerer fadderordning og fest alle nye studentar den første uka etter semesterstart.

Kandidatproduksjon

	2010			
	Vår		Haust	
	kvinner	Totalt	kvinner	Totalt
MA ARK	21	31	13	29
MA IDE	4	21	8	11
MA LAND	1	3	-	-
SUM		95		

I talla for arkitektur vår 2010 er fire ankar frå hausten 2009 medrekna og den eine anken frå våren 2010 er medrekna i talet for hausten 2010.

13. Administrative støttefunksjonar

Bibliotek

Utlån og besök i biblioteket

	2008	2009	2010
Utlån til master- og Ph.D-studentar	13425	15358	14910
Besök i biblioteket	62225	65114	Tall manglar p.g.a. feil med besöksteller

Statistikken over utlån til studentar viser en svak nedgang frå 2009 til 2010.

Bibliotekstatistikken er ikkje fullstendig for bruk av elektroniske ressursar og har heller ingen moglegheit til å skilje mellom studentar og tilsette.

Studentevalueringar av læringsmiljø og læringsressursar

Studentevalueringane gir berre positive tilbakemeldingar på servicen i biblioteket og viser at studentane stort sett er veldig nögd med tilbodet.

